

8

ØVING 1 \ REFLEKSJONAR OM PORNO

FORKLARING

1. Undervisaren deler elevane inn i grupper på to–fire elevar.
2. Elevane får lese teksten om porno i gruppene sine.
3. Elevane diskuterer dei ulike refleksjonsspørsmåla med gruppa si.
4. Undervisaren set to og to grupper saman, elevane deler tankane sine på tvers av gruppene.

REFLEKSJONSSPØRSMÅL

- Kvifor er det viktig å vere bevisst på at det ofte er forskjell på porno og sex i verkelegheita?
- Kvifor kan grenser og seksuell kommunikasjon i porno og i verkelegheita ofte vere ulike?
- Porno har eit smalt ideal om korleis kroppar skal sjå ut. Trur de dette påverkar kor fornøgde unge er med kroppen sin?
- Statistikken til pornogiganten Pornhub viser at det mest brukte søkeordet i 2019 var «teen».²⁵ Kan dette vere problematisk?
- Kvifor er det viktig å vere kritisk til noko av pornoen på internett? Og kva kan moglege konsumentar gjere for å unngå porno som viser utnytting i staden for nytting?
- Er det viktigaste å sjå bra ut når ein har sex?



²⁵ <https://www.pornhub.com/insights/2019-year-in-review>